

Informasjon frå Glimmer

Velkommen til nytt barnehageår på Glimmer!

Me er godt i gang med oppstart og tilvenning i det nye barnehageåret. Me skal få mange fine dagar fylt med opplevingar og glede saman med barna. I byrjinga vil me legge vekt på å skape omsorgsfulle relasjonar, og gje oss god tid til å bli kjende med kvarandre. Dette er med på å gjere barna tillitsfulle og trygge. Det er mange vaksne barna på Glimmer skal forhalde seg til.



Barnegruppa vår vil fram til nyttår bestå av seks (6) barn i alderen 1 – 3 år. Av desse er to nye. Me vil ynskje alle barn og føresette hjarteleg velkomne til oss.

Personalet vårt på Glimmer består av fire (4) vaksne;

Agnete Solheim: Pedagogisk leiar, 100%

Inger Nyland: Pedagogisk leiar, 50% (måndag, fredag og annankvar onsdag)

Sissel Hatlem: Fagarbeidar, 60% (tysdag, onsdag og torsdag)

Maj Helen Thorsnes: Fagarbeidar, 100%

Telefonnummeret vårt på Glimmer er 91 87 58 65. Ring eller send oss ein SMS dersom de tek fri, er sjuke, kjem litt seinare ein dag eller berre lurar på noko. Me minner også om 48 timars regelen for oppkast og diarè!

Dagsrytmen vår består av at barnehagen opnar kl. 06:45. Fram til kl. 08 er alle avdelingane saman på kjøkkenet og avdeling Glimmer. Frå kl. 08 går barna til sine avdelingar for å ete frukost. *Dersom barnet skal ete frukost i barnehagen ynskjer me at det er kome til kl. 08.* Frå kl. 08.30 – 09.30 leikar barna på avdelinga. Frå kl. 09.30 startar me dagen med samling, leik, aktivitetar eller tur. *Det er fint om barna er komne i barnehagen seinast kl. 09.30.* Me går gjerne ut på føremiddagen. Frå kl. 11 et barna lunsj i barnehagen. Etterpå søv dei barna som skal sove på «feltsenger» på soverommet. *Barn som søv i barnehagen må ha med smukk, bamse eller koseklut dersom dei brukar det.* Kl. 14 har me eit fruktmåltid, før me tek til med leik – anten ute eller inne, fram til barnehagen stenger kl. 16.15. Kom i god tid slik at de er ute av barnehagen til kl 16.15. *Barnet treng om lag 10 minutt på å gjere seg klar til å gå heim.*



Planleggingsdagar i barnehageåret 2019/2020;

Fredag 16. august 2019

Måndag 18. november 2019

Torsdag 2. januar 2020

Fredag 24. april 2020

Fredag 22. mai 2020

Desse dagane er barnehagen stengt!

Månadsbrevet er eit brev som me på avdelinga skriv til heimen for å informere litt om kva me har arbeidd med, og kva me skal arbeide med den komande tida. Månadsbrevet blir sendt på e-post. De vil få informasjonsskriv når me har noko å fortelje om.

Foreldresamtalar har me to gongar i året, eller oftare ved behov. Om hausten har de foreldresamtale med barnet sin kontaktperson, og om våren har de samtale med pedagogisk leiar. Dersom det ynskjer å snakke med oss utover dette er det berre å ta kontakt, så finn me tid til ein samtale. Det er viktig for oss å ha god kommunikasjon med heimen for å sikre barn sitt beste!

Tørking og merking av klede er viktig. Det kan vere ei utfordring for oss å få tørka klede frå dag til dag når det er skikkeleg regnvêr. Regnklede/dressar MÅ vrengast for å bli tørre på innsida, og støvlar/sko MÅ takast ut av regnbukse/dress. Er skoa våte må de ta dei med heimatt for å tørke – me har ikkje kapasitet til dette i barnehagen. For at barnet ditt skal få gode opplevingar med å vere ute er det viktig at dei har tørre, reine og rette klede til årstida.

Me minner også om at klede, støvlar, sko og andre ting barnet har med i barnehagen MÅ merkast med barnet sitt namn! Det er vanskeleg for oss å finne rette eigar, dersom det ikkje er merka.

Garderoben vår har plass til uteklede og sko. Vottar, varme klede og huer kan de legge i korga som de finn over barnet sin plass i garderoben. Byteklede, bleier og anna har me i korgar og hyller på stellerrommet.

Innesko er lurt å ha i barnehagen! Anten sandalar, tøflar eller gode sokkar med anti-skli under. Dette er for barna sin tryggleik med tanke på å skli, men også dersom brannalarmen skulle gå.



Foreldremøte blir onsdag 25. september – invitasjon kjem 😊

Drikkeflasker ynskjer me at barnet skal ha i barnehagen. Ta flaska med måndagsmorgon, og heim att fredag ettermiddag for ein vask. Me byter vatn kvar dag, og har flaskene lett tilgjengelege på avdelinga slik at barna kan drikke når dei er tørste. Me ynskjer at barna har vatn på flaskene sine.

Beste praksis dette året er å repetere den beste praksisen som me har hatt tidlegare. No har me eit tema fordelt på to månader. I september og oktober skal me arbeide med vaksenrolla og barn si språkutvikling i leiken ute. På Glimmer skal me arbeide med dette;

- ❖ Tulle og leike med språket i leik på dissa, eller andre situasjonar, ved å bruke song, rim og regler
- ❖ Ta kontakt, spørje og avklare når eg ser barn som er utanfor i leik

Boka mi er eit godt utgangspunkt for å bli kjend med barna, og ei viktig kjelde til gode samtalar der barna fortel og syner fram i boka si. Set gjerne inn bilete frå sommarferien, og ta permen med tilbake til barnehagen.

Ta gjerne kontakt med ein av oss på Glimmer dersom de lurar på noko 😊

Agnete, Inger N., Maja og Sissel

